

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

September 2022

Årgang 88 år

*For i han vart alt skapt, i himmelen og
på jorda, det synlege og det
usynlege.... Kol. 1. 16*



Foto: Astrid Heidal



Andakt
S. 2



Helsing frå Tabor
S.3



Sommarvikaren
S.4 -6



Semesterstart
S. 12-13



FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiar/ass. kyrkjevejerje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjeveje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13
Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:
Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:
3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONEN:
Kyrkjecontoret
v/Hans Einar Markhus

«Velsigningsvegen»



Sokneprest
Einar Ekerhovd

For nokre år sidan besøkte eg bøne og retreatsenteret Ffald-y-Brenin. Ein stille stad ute på landsbygda i Wales. Og det er nettopp på slike stille stader at Gud kan tale tydeleg og sterkt. Det er ikkje så mykje som forstyrra og tar vår merksemd, og dagen er delt inn i ein rytme der ein regelmessig søker Gud. Tidebønner er godt til mykje.

Denne gongen var det ei side ved truslivet som blei merkbart styrka. På ny oppdaga eg kor viktig det er å velsigne. Det er noko grunnleggjande bibelsk i denne haldning og handling. Det å ha eit hjarte som velsignar, utfordrar det dømmande tankesettet som pregar korleis vi ser på kvarandre. Når nåde, godheit og miskunn pregar våre liv kan andre også bli utfordra til å korrigere sine liv i forhold til Guds standard for livet. Slik var det Jesus møtte folka. Kvenna som vart gripen på fersken i hor blei etter ein kort samtale mildt anmoda om å «gå bort, og synd ikkje meir!»

Ho gjekk derifrå med ei velsigning. Det er ei sentral sanning i vår kristne tru dette. Jesus sjølv sa det slik at han var ikkje komen for å dømme verda, men for at verda skulle bli frelst ved han. I denne tenesta står vi i dag: velsigninga si teneste.

Dette går heilt tilbake til Moses og Aron sine dagar. Dei skulle ikkje berre gå i forbøn for folket, men også tala velsigning over dei: «Herren sa til Moses: Tal til Aron og sønene hans og sei: Slik skal de velsigna Israelittane. De skal sei til dei:

Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!

Dei skal setja mitt namn på Israelittane, og eg vil velsigna dei..»

Vi skal ikkje berre be Gud velsigne andre, men vi skal velsigne i Guds namn, eller Jesu namn for oss som tilhører den nye pakt.

I fleire år no har vi hatt regelmessige bønesamlinger på fleire bedehus her i Fusa. Enkle samlingar med fokus på å velsigna det som skjer i bygde-ne, både folk, insitusjonar, næringsverksem og all god byggjande aktivitet. Dette er faktisk noko av det viktigaste vi gjer som kyrkje i dag.

Og dess meir vi velsignar, dess meir blir det skapt Guds nærvær i bygde-ne våre. Gud bryr seg om alt. Vi ynskjer å velsigne heile mennesket. Slik som dei har lært oss på Ffald-y-Brenin:

Kroppen – om helse, beskyttelse og styrke

Jobb – om arbeid, inntekt og tryggleik

Følelselivet – om glede, fred og von

Sosialt – om kjærleik, ektekskap, familie og vener

Andeleg – om frelse, tru og nåde.

Her er ei velsigningsbøn du kan be for dei menneska du møter på din veg: «Eg velsignar deg i Jesu namn for at hans fullkomne fred skal overstrøyma ditt hjarte og sinn, synke djupt inn i kvar pore av ditt liv og den du er. Eg velsignar deg så kroppen din kan bli styrka og helbredd og du kan gå i Herren si glede!» Herren velsigne deg til å velsigne i Jesu namn.



Elevstipend til bibelstudentar ved Tabor Evangelical College i Hawassa i Etiopia er misjonsprosjektet i Fusa kyrkjelyd. For tida støttar Fusa sokn studentane Abera og Tariku med å betala deira skule- og oppholdspengar. Utan vår støtte kunne dei ikkje teke utdanninga.

Tariku reiser snart tilbake til sør-Etiopia til sin veksande heimekyrkjelyd som evangelist og Abera siktar mot teneste som misjonær i aust-Etiopia.



Abera Fikre



Tariku Matewos

Magnus Riska er for tida lærar på Tabor og utsending for Finnish Lutheran Overseas Mission (FLOM) og arbeider under Misjonssambandets paraply i Etiopia. Her er ei helsing frå han som gjev oss eit lite innblikk i tenesta og arbeidet på Tabor:

Bruker tid på sentrale tekster



Sammen med studentene mine på Tabor får jeg arbeide med velkjente tekster fra Det gamle testamentet. Det er lærerikt for både dem og meg!

I begynnelsen tok det litt tid før vi begynte å kjenne menneskene her på Tabor Evangelical College (TEC), i stor grad på grunn av pandemien. Så åpnet det seg litt etter litt. Nå er det ikke så ofte man ser folk med munnbind her lenger.

På denne tiden i fjor studerte vi amharisk og forberedte oss til høstens undervisning. Kona mi, Gunilla, har fått hjelpe til med støtteundervisning i engelsk, mens jeg har fått undervise ut fra Det gamle testamentet.

Høsten 2021 underviste jeg om Salmene for andreårsstudentene ved Missiologiavdelingen, og jeg lærte

også selv mye nytt. Det sies at hvis man vil lære noe, skal man undervise om det – og det stemmer veldig godt.

På grunn av urolighetene i Etiopia fikk arbeidet vårt fikk et uvelkommen avbrudd med evakuering i november. Her i Sidama-regionen hvor vi bor og arbeider har det vært stille og fredelig, men slikt kan man aldri vite på forhånd. I desember fikk vi grønt lys for å vende tilbake, noe vi var veldig glade for. Da fikk jeg en ny klasse – denne gangen var det tredjeårsstudentene, og Jesaja sto på programmet. En i klassen min er pastor, mens de andre er evangelister. De er til sammen seksten stykker, to av dem kvinner.

For en tid siden diskuterte vi Jesaja 58 og hva det betyr å faste. Jeg spurte studentene om noen av dem hadde fastet, og flere rakk opp hånden. «Jeg fastet en gang i tre døgn, uten noe av verken mat eller drikke,» fortalte en av dem. Det var spesielt, syntes jeg – å ikke engang inta væske. «Hvordan føltes det?» spurte jeg. «Det var ikke lett, jeg ble trøtt og det påvirket både synet og hørselen min,» forklarte han. Men fra en åndelig synsvinkel mente han likevel det hadde vært veldig bra.

Det er en interessant gruppe studenter jeg har. Utover til å diskutere de aktuelle tekstene, glir vi ofte over i å prate om Det nye testamentet, eller om den jødiske bakgrunnen til det vi

har lest om.

Høsten 2022

Til høsten er planen at jeg skal undervise om 1. Mosebok. Jeg opplever at jeg får vende tilbake til mange sentrale tekster her på Tabor. I tillegg til bibelundervisning har jeg også et nybegynnerkurs i bibelhebraisk. Ettersom jeg har bodd i Israel i sju år og har lært meg å snakke hebraisk, ligger dette meg veldig på hjertet.

Hvis jeg har forstått riktig, har de aldri tidligere studert hebraisk ved TEC. Det høres kanskje ganske ambitiøst ut å ha hebraiskundervisning her, men jeg vil faktisk hevde det motsatte. Ettersom alle studentene kan amharisk (selv om det ikke er morsmålet til alle), vil de ha mye lettere for å lære seg hebraisk enn oss fra Norden, siden hebraisk og amharisk hører til samme språkfamilie, den semittiske språkgruppen.

Vi er veldig takknemlige for all forbønn, og hilser med ordene fra Romerne 8,1-2:

«Så er det da ingen fordømmelse for dem som er i Kristus Jesus. For Åndens lov som gir liv, har i Kristus Jesus gjort deg fri fra syndens og dødens lov.»

[Frå Utsyn/NLM.no]



Han som styrer salmane om sommaren – Reidar Algerøy

Mange startar karrieren sin med ein eller annan sommarjobb. Enkelte endar også sitt yrkesaktive liv på den måten. Reidar Algerøy er éin av dei. Han er pensjonist, og på Facebook-sida hans står det at han «har ferie resten av livet», men han greier tydelegvis ikkje å halda seg heilt vekke frå verktøyet sitt. No og då driv han og smug-jobbar, til dømes når han steppar inn som organist i Fusa sokn. I år er det andre sommaren på rad han gjer det.

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

Ingen fiskarhender, nei

- Måtte du kjempa om denne sommarjobben? lurer eg. - Eller vart du handplukka?

- Eg vart handplukka, ja, svarer Reidar og verkar ikkje unøgd med det. - Eg hadde ikkje vore pensjonist mange dagane før Hans Einar Markhus ringde meg. Han hadde hørt at eg hadde gitt meg som fast organist i Kvinnherad, og lurte på om eg ville spela vidare i Fusa, i alle fall om somrane.

Reidar kjende alt til nabosoknet sitt sånn nokolunde. Dottera Rebekka Attramadal har vore vikar-organist her ei rekkje somrar. I fjar fekk ho fast stilling som organist i Kvinnherad sokn, medan faren vart fri; så bytte dei på eit vis på postane.

Musikaliteten ligg nok i gena, men Reidar er den første i slekta som er profesjonell musikar.

- Far min var veldig musikkinteressert, men det var ikkje tale om noko utdanning blant fattige folk på hans tid. Han vart fiskar. I studietida mi var eg med han rundt Orknøyane og Shetlandsøyane. På ein av desse turane tok han tak i hendene mine og såg og vende på dei ei stund, studerte

dei nøye. Til sist sa han: – Dette er ikkje nokon fiskarhender, nei. Du får berre bli organist.

Det hadde ikkje sonen noko imot. Han hadde hatt den draumen lenge.

- Familien min var faste kyrkjegjengarar i Fjell kyrkje, og orgelmusikken fascinerte meg frå fyrste stund. Det klang som eit heilt orkester.

Gjennom livet er det dei solide, slitesterke salmane som har lege hjarta hans nærest.

- Elias Blix sine tekstar på nynorsk er skikkeleg gode. I dag var det «Med Jesus vil eg fara» me song. På nokre av salmane hans er det Ludvig Mathias Lindemann som har skrive musikken, og då vert dei ekstra sterke. Reidar smiler. Så legg han til med ein smule vemod: - Slike trauste samlar er kanskje på veg ut.

Kanskje det, men éin av dei salmane som har dette solide opphavet, er «No livnar det i lundar», og nett den tippar eg kjem til å vara ein generasjon eller to til.

Musikar og pedagog

Den fyrste musikkundervisinga Reidar fekk, var litt tilfeldig: Ein lokal type som arbeidde på likningskontoret, tok til med å læra han notar. Etter kvart vart opplæringa meir standard og organisert. Reidar begynte på musikkgymnas i Bergen og fekk spellelimer hos Magnar Mangersnes, organisten i Bergen Domkirke. Seinare fullførte han både Lærarhøgskulen og Musikk-konservatoriet. Han fekk såleis mange bein å stå på, og han har brukte dei, alle: Folk har møtt han både som grunnskulelærar på Hatlestrand skule, som kulturskulelærar i Kvinnherad kommune og som organist i Kvinnherad sokn.

- Til tider hadde alle eg tre stillingane samtidig, i tillegg til at eg var dirigent for to kor. Det var litt i overkant, seier han og ler. - Men eg har vore

heldig og klart meg utan slitasjeskader, noko som elles er ganske vanleg blant musikarar. Både rygg, bein, skuldrar, fingrar og senar er utsette i arbeidet på orgelkrakken. Nøkkelen ligg kanskje i det å øva passeleg mykje. Me skal jo vara eit heilt liv.

På slutten av karrieren fokuserte Reidar på organistjobben sjølv om det innebar at han gjekk monaleg ned i løn. Ein organist tener ein god del mindre enn ein lærar. Dessutan er det ikkje lett å få full stilling i den bransjen. For å få endane til å møtast, heldt han fast på stillinga som lærar i kulturskulen.



– Dette er ikkje nokon fiskarhender, nei. Du får berre bli organist.

- Då eg såg kva veg det bar med Rebekka, spurde eg ho: Er du sikker på at du ikkje heller vil ha ein annan jobb, en datajobb eller noko? Nei, svarde ho. Ho ville ha den utfordringa og spenninga som musikar-yrket innebar. Det vog opp for helgejobbing, lavt lønsnivå og deltidsarbeid.

Skal me gå digitalt, eller halda oss til pipene?

Det er ikkje berre organistar som må skiftast ut, det må også instrumenta frå tid til annan, i mange sokn går diskusjonen om ein skal kosta på seg eit nytt, tradisjonelt pipeorgel, eller ta steget over til eit digitalt. I både Ølve og Hatlestrand kyrkje vart det valt digitale instrument ved førre korsveg, så Reidar er van med begge variantane og ser fordelar med kvar av dei.

- Eit tradisjonelt orgel kostar om lag ti gonger så mykje som eit digitalt. I store, ærverdige kyrkjer meiner eg





Slik «ferierer» Reidar Algerøy; her ved orgelet i Sundvor kyrkje.

det er verdt den prisen, men i små og mellomstore kyrkjer held absolutt dei digitale mål. Det skal godt gjerast å høyra forskjellen. Ikkje krev dei digitale mykje vedlikehald heller. Men éin ting er avgjeraande for at dei skal fungera godt, understrekar organisten. – Orgelet må bli riktig installert. Soknet må spandera på seg kyndige folk til det arbeidet, helst folk frå orgelfabrikken.

Viss ein vil unngå heile diskusjo-

nen og koma rimelegast ut av det, kan piano vera eit alternativ til orgel. Kva seier organisten til det? Jau, han har ofte sett seg ved pianoet rundt om i kyrkjene, særleg i samband med trusopplæring, på jule- og påske-vandringar til dømes.

– Med det instrumentet kjem eg tettare på ungane. Dei ser meg, og eg ser dei. Pianoet appellerer gjerne meir til barn og ungdom, kanskje fordi det har så markerte tonar. Orgelet

er eit meir flytande instrument, og det er det som har lege meg nælast. Det er meir kraft i det, meir høgtid, så til gudstenester føretrekkjer eg orgel framfor piano.

Orkesteret på galleriet – og dirigenten

Å spela orgel er som å ha med eit heilt orkester å gjera, forklarer Reidar. Oppgåva til organisten er å bli kjent med alle sidene ved dette or-



kesteret og få kontroll på det slik at kvar og ein av nyansane kjem fram. Ein skal ikkje berre få lyd i instrumentet, men også liv.

- Mitt mål er at i løpet av kvar gudsteneste, skal *heile* orgelet få vist seg fram. Eg prøver å spela salmane rytmisk, slik at dei ikkje blir monoton og einsformige. Kvar salme har ein snert i seg; ein må bere få han fram.

Ein organist kan liknast med ein ryttar. Det er hesten som har krafta, men det er ryttaren som bestemmer tempo og gangart. For at ikkje dyret skal gå sine eigne vegar, må ein kjenna det godt gjennom uhorveleg mykje trening, og ikkje minst: Ein må *lik* å styra.

- Også kyrkjelyden skal organisten leia, seier Reidar. - Leia på ein bestemt og god måte, slik at folk kjenner seg trygge i musikken og vågar å syngja. Det er organisten som avgjer farten, volumet og rytmen, slik forsongaren gjorde det før i tida. Før kyrkje- ne fekk orgel, hørde det jo med til klokkarstillinga å vera forsongar, så det å ha ei god songrøyst var ein viktig kvalifikasjon der.



- Mitt mål er at i løpet av kvar gudsteneste, skal *heile* orgelet få vist seg fram.

I vår tid er det ikkje venta at klok- karen eller kyrkjetenaren skal synga fagrare og høgare enn folk flest, Den oppgåva går no på dugnad mellom tilfeldige kyrkjegjengarar med over middels god songrøyst.

- Det er ein stor fordel om slike tar litt ekstra i, seier Reidar. - Då kan dei som ikkje syng like fint, skjula røystene sine inni den klare klangen og vera med likevel. I Kvinnherad hadde eg nokre slike medhjelparar i somme av kyrkjene. Var dei til stades, då visste eg at det blei god song. Også i dag i Sundvor hørde eg at det var minst éi sterk, god mannsrøyst nede i kyrkjeskipet. Det var flott.

Ta til dykk denne oppfordringa frå organisten, de som har røyster til det!

Rolege nattverdssalmar, jublane postludium

I Kvinnherad sokn har det vore vanleg at det er presten som set opp spelelista for gudstenesta. Reidar har vore tilfreds med det. Han tar kva salme det skal vera på strake armar.

- Men på to punkt har eg hatt nokolunde fritt spelerom. Det gjeld salmen som vert spelt under nattverden, og det gjeld postludiet. Nattverdssalmen spelar eg roleg og lavt, men det siste stykket i gudstenesta kan godt vera både kraftfullt og jublende. Eg ynskjer at dei minuttane der skal sitja i folk eit stund etter at dei har forlate kyrkjehrommet. Det gjer ikkje noko om folk får seg ei overraskning. Ikkje veit eg det heilt sjølv heller, korleis det kjem til å låta når eg tar til med postludiet. Eg har aldri komponert noko på eiga hand, men det ligg eit stort rom for kreativitet og nyskapning i det å framføra musikk òg.

- Ein gammal organist sat og hørde på meg ein gong eg leika meg med eit musikkstykke på orgelet, Etterpå

spurde han meg: - Skriv du det ned, den måten du spelar stykket på? Då måtte eg berre rista på hovudet. - Nei, det går ikkje an. Det kjem mest av seg sjølv. Eg improviserer over det valde musikkstykket og varierer rytme, tempo og volum alt etter kva eg føler for der og då.



«har ferie resten av livet»

Viss nokon vil kopiera Algerøy-versjonen av ein salme, må dei alt- så gjera lydopptak og prøva å herma etter det.

Reidars hang til improvisasjon fekk kyrkjegjengarane merka i Sundvor denne søndagen. Postludiet var «Hvilken venn vi har i Jesus», ein salme mange kjenner, kanskje særleg frå bedehuset. Gjennom Reidar sine hender vart salmen så lettiva og lystig at ein nær på byrja å spretta på benken. Etter applausen kunne sokneprest Einar konkludera med at: «Han var i godt humør i dag.»



Søndagsskule i Fusa kyrkje!

På dei fleste gudstenestene i Fusa kyrkje i haust blir det tilbod om søndagsskule. Olaug og Berit er klare til å ta imot barna til lyttening, bibelforteljing og utdeling av søndagsskuleblad. Dette er eit kjempeflott tilbod som eg håpar at mange vil benytte seg av! Ta med barn og barnebarn til gudstenesta; varmt velkommen til søndagsskulen.

Dataane det blir søndagsskule denne hausten vert som fylgjande:

- 21.08 kl 11.00
- 18.09 kl 11.00
- 02.10 kl 11.00
- 23.10 kl 11.00
- 20.11 kl 11.00

Fusakalenderen 2023

Du kan vinna kr. 3000,- viss det er ditt bilete som blir vald ut til å pryda Fusakalenderen 2023! Tema denne gongen er «Vår i Fusa».

Send inn ditt blinkskot til post.fusa@kyrkja.no innan 1. oktober, og du er med i konkurransen.

Du kan senda inn så mange bilet du ynskjer. Bileta bør vera liggjande retning og ha god opplysing. Vinner vert plukka ut av ekstern jury. Juryen får ikkje vite kven som har teke biletta før etter utvelginga.



Rullestoltolkomst i Hålandsdal

Endeleg har biskop og statsforvaltar godkjend ombygging av inngangspartiet ved Hålandsdal kyrkje, slik at det blir ein naturleg og verdig fysisk veg inn i kyrkja for alle – også dei som må bruka rullestol. Hålandsdal kyrkje har eit flott, men «vanskeleg» inngangsparti; bratt og mykje trapp. Løysinga ein har landa på gjev ein god og naturleg rullestoltolkomst inn kyrkja sin hovudinngang, samstundes som ein bevarer det flotte visuelle uttrykket med gamle steintrapper.

I tillegg blir inngangspartiet til bårerommet endra til å bli nivålaust, slik



Foto: Hans Einar Markhus

at tilkomst og handtering av kister blir enklare.
Arbeidet skal ferdigstilla i haust.



Foto: Hans Einar Markhus

Ny varme i Strandvik

Den gamle varmen i Strandvik kyrkje har vore god i mange år. Men den er dyr! No har Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd i samarbeid med kommunen, Fusa kraftlag og lokale bedrifter i Strandvik, fått godkjend utskifting av dei 70 år gamle omnane i kyrkja. Det nye anlegget skal monterast i løpet av hausten og er ei million-investering. Det er ei investering for framtida, eit moderne oppvarmingsanlegg som skal brukha mykje mindre energi enn det gamle. Eit godt tiltak både for miljøet og driftsbudsjettet.

Liknande anlegg er allereie montert i Os kyrkje og erfaringane er gode. Strandvik kyrkje er ei stor kyrkje

som har stort energitap ved oppvarming, så ein vonar denne investeringa får god effekt også i denne kyrkja. I samband med dette arbeidet blir Strandvik kyrkje sannsynlegvis stengd nokre veker i løpet av hausten, men i skrivande stund er ikkje datoane for dette klare.



«Det enkle er ofte det beste» seier reklamen. Og kanskje er det rett, for det kan vera vanskeleg for oss menneske å ta eit valg når utvalget blir for stort og alternativa for mange..... Og kanskje kan me læra litt av starten på tilværet på jorda:
Adam spurde Eva:
-Elskar du meg?
-Ja, kven ellers?

Giro til barne- og ungdomsarbeidet

Vedlagd dette kyrkjebladet ligg det ein giro med moglegheit til å gje ei gave til barne- og ungdomsarbeidet i Fusa sokn. Det er sjølv sagt mogleg å gje ei gave til dette gjennom heile året, men nett no, i oppstarten av eit nytt semester, har me særskild fokus på dette viktige arbeidet.

Barne- og ungdomsarbeidet i Fusa sokn har i mange år famna vidt. Det innebærer all trusopplæring 0-18 år, konfirmantarbeid, Musikk frå livets begynnelse, arbeid med fleire barnekor, tweensklubb, friluftsklubb, leiar-trening, dansegrupper og mykje anna.

Gavene er det økonomiske grunnlaget for kva me klarar å gjennomføra – soknet er avhengige av dei. Takk for det du vil gje! Som gjevar er du ein viktig del av fellesskapet i Fusa sokn.

Bruk òg gjerne VIPPS. Søk då opp Fusa sokn og velg kategorien «Gave til barne- og ungd.arb.» Takk!



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend

Tlf.: 96 92 46 50

post@lhjertnes.no

www.lhjertnes.no

Nær
Butikken

P. H. Haugen

Landhandel - Sævareid

tlf. 56583110

e-post:

narbutikken.severeid@narbutikken.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

1642 BERGENFJORD
Postnr. 56 85 07 00
Telefon: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler - takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no

Fusa
Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen



Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: post@fusabetong.no



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR

Fusa

8-21

9-20

Tlf. 56582133

spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

BERGE ELEKTRONIKK
Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15



Eide

STRANDVIK
Transport og Maskin AS
* 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no
* 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88
post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



MECA



**BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN



BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektr.no

www.solheimelektr.no

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÁRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Vi er til hjel
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slektning eller
venn har
gått bort.

Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har alltid tid til å
hjelpe deg!

En verdig og
trygg avskjed



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inn 5. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no



Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tønnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hold
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Hordaland A/S Rørteknikk



56 58 09 90

hordalandrortechnikk.no

post@hrt.as

Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebodrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN

Tlf. 56 58 00 20

SPAR

Eikelandsosen

Opningstid

8-21

Laurdag

9-20

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK
Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no



WALK & RUN 2022



stakk av med sigeren på bedriftsstafetten under «Walk and Run» i Eikelandsosen laurdag 21. mai. Premien var gratis profilering i kyrkjebladet.

Fusa sokn takkar Strøyma og alle andre som bidrog og deltok under «Walk and Run 2022» - hjelp til brannskadde barn i Etiopia. Det er framleis høve til å gje – bruk VIPPS #699949 eller konto 3530.25.86215.



I 2021 var Fusa kraftlag 75 år, og mykje nytt har skjedd dei siste åra. Du har sikkert høyrt om Strøyma, men har du fått med deg at nettselskapet har fått namnet, Lysna? Dagleg leiar, Tove Hjartnes Fosså, fortel oss litt om kva som er nytt i det lokale kraftlaget.



Myndigheitspålagde endringar
Fusa Kraftlag vart skipa 23. mars 1946 under namnet Strandvik, Fusa og Hålandsdal Kraftlag. Formålet var å skaffa straum til folk og næringsliv i dei tre dåverande kommunane. I dag er formålet framleis det same, men strukturen i selskapet har endra seg. I 2020 blei Fusa Kraftlag eit konsern, som no har to datterselskap, Strøy-

ma AS og Lysna AS. Endringane som er gjort med å etablere eigne selskap for straumnett (Lysna AS) og straum- og breibandsal (Strøyma AS), kjem som følgje av endring i regelverk fra myndighetene.

Lysna eig, driftar og vedlikehald straumnettet. Lysna sitt nettområde finn du i gamle Fusa kommune, frå Holmefjord i nord til Lukksund i sør. Dette omfattar både høgspentlinjer som overfører straumen, og lågspenningsnett som fordeler straumen til kvar kunde.

Strøyma er marknadsselskapet som driv konkurransesett verksemder, som sal av straum og breiband. Strøyma kan ta i mot kundar frå heile landet, men største delen av kundemassen held til i Bjørnafjorden kommune.

Lokal verdiskaping og utvikling i fokus

For oss er det viktig å vise at me er ein liten og lokal aktør, som ønskjer å vere tilgjengeleg, ærleg og forutsigbar. Med profesjonelle samarbeidspartnarar tilbyr me gode og konkurranse-dyktige produkt.

Fusa Kraftlag er opptekne av lokal verdiskaping og utvikling. Hovudmålet til alle selskapa er å levere gode tenester og service til kundane. Me er her i lokalområdet dersom noko skjer, skapar lokale arbeidsplassar og har fokus på å bruke lokale verksemder når me har behov for eksterne tenester.

I tillegg er me aktiv som sponsor og støttespelar til lag og organisasjonar i nærmiljøet. Auka omsetnad i marknadsselskapet gjev oss større moglegheit til å støtte opp om slikt viktig, frivillig arbeid.





Det har alltid vore jobba for kundane sine framtidige behov i Fusa Kraftlag. I 1946 var det trong for straum til bygdene som hadde fokus, og på 2000 talet såg ein behov for internett. Det vart då satsa på å bygge ut fiber i heile tidlegare Fusa kommune. Året før kommunesamslåinga var me topp tre i fiberdekning av alle kommunar i Noreg. Elles har me nysgjerrige tilsette som følgjer med på det som skjer både i branjen og i nærmiljøet. Blant anna har me no fokus på å få på plass enkle og brukarvennlege system både for kundane og dei tilsette. Det trur me er viktig for framtida.

Spesielle tider i kraftmarknaden

Det har naturleg nok vore uvanleg mykje fokus på vår bransje og straumprisar det siste året. Som straumleverandør har det vore utfordrande å handtere prisauken og å gjera dei rette disponeringane med tanke på å sikra kundane for dei høgaste prisstoppane.

Også for Lysna er det utfordrande med høge straumprisar, då desse påverkar kostnadane for å få straumen fram til sluttbrukar. Me har hatt ein del ekstra arbeid med å administrere kompensasjonsordninga for høge straumprisar på vegne av staten, men det var svært positivt at støtteord-

Bli medlem i Kraftlaget du også!

Konsernet Fusa Kraftlag SA er eit samvirkeforetak. Det betyr at det er medlemmane som eig kraftlaget. Alle kundar som er busett i gamle Fusa kommune kan bli medlem, og ein får med det rett til å ta del i styringa av selskapet og rett til eventuelle kjøpeutbytte. På www.fusa-kraftlag.no/medlem finn du søknads-skjema for medlemskap.

Bli medlem du også!


 **Fusa kraftlag**

ninga kom på plass.

Fusa Kraftlag SA har eigarinteresser i fleire småkraftverk her i loka-lområdet. Dei selskapa har sjølv sagt hatt gode inntekter i 2021 og 2022, etter nokre år med låg inntening.

Det same, lokale kraftlaget

Sjølv om det har vore endringar dei siste åra er me framleis dei same, lokale tilsette som før, og me held framleis til på Stallabrotet i Eikelandsosen. Me gjer det me kan for at organiseringa av konsernet skal bli så enkel og effektiv som mogleg, og det skal vere låg terskel for deg som kunde å ta kontakt om du har behov for hjelp!



Bønesamlingar, Kveldsbibelskule og Bibel, Bøn og Lovsongskveldar

Fellesskap med Gud og kvarandre er kjernen i kyrkjelydsarbeidet. Eit slikt fellesskap har me i gudsteneter, men òg i andre samlingar og aktivitetar i kyrkjelyden:

Bønesamlingane er onsdagar i partalsveker kl. 17.30 i Hålandsalen kyrkje, Foer Bedehus, Eikelandsosen bedehus og Nordtveit bedehus. Her fylgjer me ein enkel liturgi, og held på i ca ½ time.

Kveldsbibelskulen held stad på Eikelandsosen bedehus. Utgangspunktet for undervisninga er boka «Unlocking the Bible» skrive av David Pawson, men undervisninga er på norsk. Me brukar tida på å gå gjennom bok for bok i Bibelen. Her er mykje nytt å lære. Me ser på bøkene blant anna gjennom både historiske, virkningshistoriske og teologiske briller. Det blir undervisningskveldar i oddetalsveker, ein onsdag månaden, kl. 19.00: **31.08., 28.09., 26.10. og 23.11.**

På Bibel, Bøn og Lovsongskveldane vert det andakt, mykje lovesong, bønevandring og enkel kveldsmat. Også desse kveldane er ein oddetals-onsdag i månaden kl 19.00: **14.09., 09.11. og 07.12.**



Velkommen til møte på Eikelandsosen bedehus

Arbeidsgruppa på Eikelandsosen bedehus ynskjer velkommen til generasjonssamlingar på enkelte søndagar. Møta vil ha mykje song og musikk, andakt, evt. barnesamling og kaffi og saft som avslutning. Velkommen til store og små, unge og eldre.

- **Søndag 28. august kl. 17.00.** Andakt v/ Osvald Hindenes
- **Søndag 25. september kl. 17.00.**
Andakt v/ Stig Magne Heitmann (Åpne dører).
- **Søndag 23. oktober kl. 17.00**
- **Laurdag 19. november.** Grautlaurdag
- **Søndag 18. desember kl. 11.00.**
Andakt v/ Lise Marie Thuestad Litlabø (Indremisjonen)

Arr:Arbeidsgruppa for Eikelandsosen bedehus



Jubileumskonsert i Fusa kyrkje

Fredag 2. september er det nøyaktig 60 år sidan Fusa kyrkje vart vigsla. I denne anledningen ynskjer Fusa sokn velkommen til konsert der mezzosopran Siv Oda Hagerupsen, trumpetist Ak-sel Henning Holdhus og kantor Iman de Zwarte vil medverke.

Konserten byrjar kl. 19:00.
Gratis inngang, men høve til å gie ei jubileumsgåve til Fusa sokn:
#VIPP til 699945



Fusa sokn



Familiemix og ungdomsgudstenester på Eikelandsosen bedehus

Folk i alle aldrar og frå alle stader er velkomne på alle gudsteneter i Fusa sokn, men gudstenestene i Eikelandsosen bedehus er særleg eigna for familiar, med eigne forenkla liturgiar der barn og ungdom er primærmålgruppa. Har du barn eller barnebarn, konfirmant eller ungdommar i heimen, trivst du med ei litt «lausare» liturgiform, er du hjarteleg velkommen til bedehuset på samlingar.

- **11. sept:** Konfirmantleirgudsteneste kl. 15.00
- **16. okt:** Ungdomsgudsteneste kl. 19.00
- **30. okt:** Familiemix kl. 11.00
- **13. nov:** Familiemix kl. 11.00
- **20. nov:** Ungdomsgudsteneste kl. 19.00
- **11. des:** Familiemix kl. 11.00



Friluftsklubben Noah



Friluftsklubb for gutter i 5.-8. klasse. Det blir 5-7 klubbkveldar i løpet av hausten.

Følg med på facebook eller ta kontakt med leiar Ernst Ove Indrebø (tlf. 41451801) for info.


**Musikk fra livetsbegynnelse/
Babysang og Open barnehage**
startar opp att etter haustferien,
veke 43. Følg med på facebook
for nærmare informasjon.



Klubben

Klubben – tweensklubb for 5.-8. klasse – spel, aktivitetar, pizza, andakt, m.m. Eikelandsosen bedehus desse fredagane i haust: 19.08, 02.09, 30.09, 21.10, 11.11, 02.12, 16.12.

Kontaktperson Eirun Fonneland (tlf. 94888506)



Velkommen til barnekor igjen!!!

Fjord'n barnekor er eit tilbod for born f.o.m. 5 år i 2022 og eldre. Samlingar er annakvar torsdag (i partalsveker) i Eikelandsosen bedehus kl. 17.30- 18.30. Koret brukar å delta på 1-2 arrangement i semesteret i tillegg til øvingane. Velkommen fylgjande datoar: 8. sept, 22. sept, 6. okt, 20. okt, 3. nov, 17. nov, 1. des.

«Gjengen på taket» er eit tilbod for dei eldste i Fjord'n barnekor, frå 4. klasse og oppover. Då møtest ein på bedehusloftet til pizza, spel og leik frå 18.30-19.30, om lag 3 gonger i løpet av hausten.

Fusa Soul Children! Tweenskor for 5. klasse og oppover på Eikelandsosen bedehus. Øving annakvar torsdag (partalsveker) kl. 16.00-17.15 (samme datoar som Fjord'n barnekor).

**Kontaktperson: Norunn Rød
Markhus; 91 63 77 13**

Songbuketten er eit barnekor for born i alle aldrar. Samlingane er utvalde måndagar kl.17.30-18.30 i kjellaren på Nordtveit bedehus (05.09., 26.09., 24.10, 14.11. og 05.12.). I tillegg til song og musikk, brukar me å høre ei bibelforteljing, leike litt og avslutte med mat. Sjå info på plakatar og facebook. Velkommen!

**Kontaktperson: Bente May
Sundfjord; 95 23 62 78**





Illustrasjonsfoto

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidet med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på
fosterheim.no

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon

56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

joker

STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Malerfirma

Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38



HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



951 56 327 storum@fusi.no



Gudstenester i Fusa sokn

04.09.2022 - 13.11.2022

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
September				
04.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	13.sundag i treeiningstida
04.09.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	13.sundag i treeiningstida
11.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Vingardssundag
18.09.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	15.sundag i treeiningstida
18.09.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	15.sundag i treeiningstida
25.09.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	16.sundag i treeiningstida
Oktober				
02.10.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	17.sundag i treeiningstida
02.10.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	17.sundag i treeiningstida
09.10.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	18.sundag i treeiningstida
16.10.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	19.sundag i treeiningstida
16.10.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	19.sundag i treeiningstida
23.10.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	20.sundag i treeiningstida
23.10.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	20.sundag i treeiningstida
30.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Bots- og bønedag
November				
06.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Helgemessesøndag
06.11.	19:00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	Helgemessesøndag
13.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	23.sundag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå KYRKJEBØKENE



Dåp

Fusa kyrkje

- 05.06.2022 Millie Nerhovde Håvik
05.06.2022 Benjamin Kaan Saldamli
07.08.2022 Sverre Berge
07.08.2022 Mathilde Nordbø Rosvoll

Hålandsalen kyrkje

- 12.06.2022 Nathaniel Skogseide

Strandvik kyrkje

- 31.07.2022 Ine Legland-Helskog

Sævareid kapell

- 14.08.2022 Ellinor Lunde Rød



Vigde

Hålandsdal kyrkje

- 28.05.2022 Anne Marte Tombre og Snorre Sebastian Slettemark
04.06.2022 Ranveig Riise og Frode Bruland

Holmefjord

04.06.2022 Janne Birgitte Schjølberg og Otto Ådland

Sævareid

13.08.2022 Monica Blixt og Øystein Engevik



Gravferd

Fusa kyrkje

- 10.06.2022 Gullborg Helene Gjøen, f. 21.04.1932
16.06.2022 Margit Kvåle, f. 25.02.1938
12.07.2022 Jonn Rein, f. 03.12.1958 (Bisetjing)

Nordtveit gravplass

27.05.2022 Anita Sundfjord, f.02.08.1967 (Bisetjing)

Strandvik kyrkje

- 17.06.2022 Elna Rein, f.08.03.1933
08.07.2022 Brita Synnøve Hatland, f. 11.06.1924
13.07.2022 Jan Tveit, f. 30.10.1931 (Bisetjing)



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandssosen

BARNESIDA

Gåte med premie:

Klarar du å gjette kven i Bibelen som er beskriven her? Tippar du rett kan du koma innom kyrkjekon-toret og få ein premie!

Eg var rundt hundre år då eg vart far til den yngste son min, men eg er far til eit folk som er like mange som det er stjerner på himmelen. Eg vert ofte kalla stamfaren til tre store religionar.

VITS



-Tusen takk for dei fine sokkane, bestemor. – Å, det er då ingenting å takke for. – Det syns ikkje eg heller, men mamma sa eg måtte.

Tre dumme fyrar var ute og gjekk i skogen. Så fekk dei auge på eit spor og byrja å følgje det. – Eg trur det er eit harespor, sa den eine. – Eg trur det er eit elgspor, sa den andre. – Spring, det er eit togspor! Ropte den tredje



Alle 4-åringane

i Fusa sokn
er denne hausten vel-
komne til å få bibelbok og
5-åringane kors-smykke.
Dette skjer i gudstenester/
kvardagsgudstenester i
krinsane utover hausten.
Invitasjon kjem i posten!



Folk stimla saman i gatene for å sjå Jesus. Sakkeus ville også sjå, men han var for kort. Difor klatra han opp i eit tre. Då Jesus gjekk forbi, kikka han opp og sa: «Sakkeus, kom ned. Eg vil bli med heim til deg.» Sakkeus skunda seg ned frå treet. Jesus såg han! Heile forteljinga om Sakkeus og Jesus kan du lesa i bibelen, i Lukas 19, 1-10, eller i barnebibelen.